

# FNs KONVENSJON OM BARNERETTANE

**1 ALDER 18 ÅR** Alle under 18 år er barn dersom ikkje ein yngre alder er lovfesta av staten.

**2 INGA DISKRIMINERING** Rettane i konvensjonen gjeld for alle barn utan forskjellsbehandling og utan omsyn til rasen, hudfargen, kjønnet, språket, religionen, opphavet, eigeidommen, funksjonshemminga eller oppfatningane til barnet eller foreldra. Staten skal sørge for at ingen blir diskriminert.

**3 TIL BESTE FOR BARNET** Ved alle handlingar som styresmakter og organisasjonar set i verk overfor barn, skal det som gagnar barnet best vere det grunnleggjande omsynet. Staten skal sikre at dei institusjonane og tenestene som har ansvaret for omsorga eller vernet av barn, har den standarden som er fastsett. Dette gjeld særskilt tryggleik, helse, talet på tilsette og kvalifikasjonane deira og dessutan kvalifisert tilsyn.

**4 STATENS ANSVAR** Det er staten som har ansvaret for å setje barnrettane ut i livet.

**5 FORELDREANSVARET** Staten skal respektere dei rettane og pliktene foreldra og andre føresette har for å gi barnet rettleiing og støtte slik at barnet skal kunne utøve rettane i konvensjonen.

**6 RETT TIL LIV** Staten pliktar så langt som råd å sørge for at barn overlever og får utvikle seg.

**7 NAMN OG STATSborgarskap** Barnet har – med ein gong etter fødselen – rett til namn og nasjonalitet, og så langt det er råd, å kjenne til foreldra sine og få omsorg frå dei.

**8 IDENTITET** Staten skal respektere retten barnet har til å bevare identiteten sin, medrekna nasjonalitet, namn og familieforhold. Dersom eit barn blir fråteke slik identitet på ulovleg måte, skal staten raskt hjelpe til med å gi barnet att identiteten sin.

**9 HALDE FAMILIEN SAMLA** Barnet skal ikkje skiljast frå foreldra mot sin eigen vilje, bortsett frå når dette er nødvendig av omsyn til kva som gagnar barnet best.

**10 SAMANFØRING AV FAMILIEN** Søknader om å føre saman att familiar over landegrensar, skal handsamast på ein positiv, human og rask måte. Barnet har rett til regelmessig kontakt med begge foreldra.

**11 ULOVLEG BORTFØRING OG TILBAKEHALDING** Staten skal setje i verk tiltak slik at barn ikkje blir tekne ulovleg ut av eit land eller hindra i å vende tilbake, og skal inngå avtalar med andre land for å få til dette.

**12 Å SEIE MEINGA SI** Barnet har rett til å seie meininga si i alt som vedkjem det, og ein skal leggje vekt på dei meiningane barnet har.

**13 Å FÅ OG GI INFORMASJON** Barnet har rett til yttingsfridom og til å søkje, ta imot og gi vidare opplysningar og idear av alle slag og på alle måtar.

**14 TANKE-, SAMVITS- OG RELIGIONSFRIDOM** Barnet har rett til tanke-, samvits- og religionsfridom. Staten skal respektere rettane og pliktene til foreldra til å opplyse barnet om dei rettane han eller ho har i slike spørsmål.

**15 ORGANISASJONSFRIDOM** Barnet har rett til organisasjonsfridom og forsamlingsfridom.

**16 RETT TIL PRIVATLIV** Barnet skal ikkje utsetjast for vilkårleg eller ulovleg innblanding i privatlivet sitt eller i familien, heimen eller korrespondansen sin. Det skal vere verna mot ulovlege åtak mot ære og omdømme.

**17 MASSEMEDIUM** Staten skal sikre barn tilgang til informasjon frå eit mangfald av nasjonale og internasjonale kjelder. Staten skal oppmuntre massemedium og forleggjarar til å spreie informasjon som fører til forståing, kunnskap, sosiale ferdigheiter og velvære, og til å lage eige barnestoff, også for barn som høyrer til minoritetsgrupper. Staten skal verne barna mot skadeleg informasjon.

**18 FORELDREANSVARET** Begge foreldra har eit hovudansvar for omsorga for og utviklinga hos barnet ut frå kva som er best for han eller henne. Staten skal støtte og sikre utviklinga av institusjonar, tenester og tiltak for omsorg for barn, og dessutan ta omsyn til utarbeidande foreldre.

**19 VERN MOT MISBRUK** Staten skal verne barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, vanstell eller utnytting frå foreldre og andre omsorgspersonar.

**20 BARN UTAN OMSORG FRÅ FAMILIEN** Barn som er utan familiemiljø, har særleg rett på vern og omsorg, til dømes ved plassering i ein fosterheim – eller om det er nødvendig – ved ein høveleg institusjon eller ved adopsjon.

**21 ADOPSJON** Nasjonal og internasjonal adopsjon skal berre skje i samsvar med lova og skal vere autorisert av styresmaktene. Adopsjon utanlands skal ikkje føre til urettvis økonomisk fortjeneste og bør vurderast som eit alternativ til omsorgstiltak i det landet barnet opphavleg kjem frå.

**22 FLYKTNINGBARN** Barn som søker flyktningsstatus eller som blir vurderte som flyktingar, skal få forsvarleg vern og humanitær hjelp. Staten skal i samarbeid med internasjonale organ hjelpe eit barn som er aleine til å bli ført saman med foreldra sine att.

**23 FUNKSJONSHEMMA BARN** Psykisk og fysisk funksjonshemma barn har rett til å leve eit fullverdig og anstendig liv under tilhøve som sikrar verdigheita til barnet, fremjar sjølvtiliten og legg til rette for aktiv deltaking i samfunnet. Eit funksjonshemma barn har rett til særleg omsorg. Det skal få undervisning, opplæring, helsetenester, rehabiliteringstenester, førebuing til arbeidslivet og høve til rekreasjon slik at ein får til best mogleg integrering og individuell utvikling. Staten skal samarbeide med andre land om dette og ta særlege omsyn til behova i utviklingsland.

**24 HELSE** Barnet har rett til å få den best moglege medisinske behandlinga og hjelpa til å komme seg etter sjukdom. Staten skal arbeide for å redusere spedbarnsdøying og barnedøying, sikre at alle barn får nødvendig legehjelp, gi god helseomsorg til mødrer etter fødselen, setje i verk tiltak mot sjukdom og orientere om og utdanne folk i helse og rett ernæring. Staten skal også arbeide for å avskaffe helsefarlege tradisjonar, samarbeide med andre land og særleg ta omsyn til behova i utviklingsland.

**25 BARN UNDER OFFENTLEG OMSORG** Barn som er plasserte i omsorgstiltak utanfor familiemiljøet, har krav på periodisk vurdering av behandlinga og opphaldet der.

**26 SOSIALTENESTER** Staten skal sikre at barnet får den sosiale hjelpa og den økonomiske stønaden det har krav på etter lovene i landet.

**27 LEVESTANDARD** Barnet har rett til ein levestandard som er god nok på alle område. Foreldra eller andre som har ansvaret for barnet, har det grunnleggjande ansvaret for å sikre dei levevilkåra som er nødvendige for utviklinga til barnet. Staten pliktar å gi stønad til dei føresette.

**28 UTDANNING** Barnet har rett til utdanning. Staten skal gjere grunnskoleutdanninga gratis og obligatorisk, gjere ulike former for vidaregåande utdanning tilgjengeleg for alle barn og setje i verk tiltak for å redusere talet på dei som ikkje fullfører skolegangen. Disiplin i skolen skal utøvast på ein måte som står i samsvar med menneskeverdet til barnet. Staten skal også fremje internasjonalt samarbeid om utdanning og særleg ta omsyn til behova i utviklingsland.

**29 MÅLET MED UTDANNING** Utdanninga skal fremje utvikling av personlegdommen til barnet og teoretiske og praktiske ferdigheiter. Utdanninga skal skape respekt for menneskerettane og fremje haldningar om fred, toleranse og vennskap mellom folk. Utdanninga skal skape respekt for naturen og for den kulturen barnet og andre tilhøyrer.

**30 MINORITETAR OG URFOLK** Barn som høyrer til ein minoritet eller eit urfolk, har rett til saman med andre i gruppa si å leve i pakt med kulturen sin, utøve religionen sin og bruke sitt eige språk.

**31 LEIK OG FRITID** Barnet har rett til kvile, fritid og leik og til å ta del i kunst og kulturliv.

**32 BARNEARBEID** Barnet har rett til å bli verna mot økonomisk utnytting i arbeid og mot å gjere arbeid som kan svekke høvet til utdanning eller utvikling.

**33 NARKOTIKA** Barnet har rett til å bli verna mot ulovleg bruk, omsetjing og produksjon av narkotiske stoff.

**34 SEKSUELL UTNYTTING** Barnet har rett til vern mot alle former for seksuell utnytting og misbruk. For å verne barn mot slik utnytting skal staten setje i verk alle nødvendige tiltak, nasjonalt og internasjonalt.

**35 BORTFØRING, PROSTITUSJON OG SAL** Staten har plikt til å gjennomføre nasjonale og internasjonale tiltak for å hindre kidnapping, bortføring eller sal av barn til alle slags formål og i alle slags former.

**36 ANNA UTNYTTING** Staten har plikt til å verne barnet mot alle former for utnytting som på nokon måte kan vere til skade for barnet sitt ve og vel.

**37 FENGSEL, DØDSSTRAFF OG TORTUR** Barn skal ikkje bli utsette for tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggjande behandling eller straff. Dødsstraff eller fengsel på livstid utan høve til lauslating er ikkje tillate dersom barnet gjorde brotsverket før det fylte 18 år. Barn som er i fengsel, skal haldast skilde frå vaksne, dersom ikkje det motsette blir sett på som å vere best for barnet. Fengsling skal berre nyttast som ein siste utveg og for eit kortast mogleg tidsrom. Pågriping og fengsling skal skje på lovleg måte, og barnet har rett til juridisk og annan eigna bistand og til å få ei rask og uavhengig overprøving av saka si.

**38 BARN I KRIG** Staten skal setje i verk tiltak for å hindre at barn som ikkje har fylt 15 år, tek direkte del i krigføring.

**39 REHABILITERING OG REINTEGRERING** Staten pliktar til å setje i verk alle tenlege tiltak for å sikre rehabilitering og sosial reintegrering av barn som er offer for misbruk, utnytting, vanstell, tortur, væpna konflikter eller anna umenneskeleg eller vanærande behandling eller straff.

**40 BEHANDLING I SAKER OM STRAFF** Barn som er skulda eller dømde for straffbare handlingar, har rett til ei behandling som fremjar kjensla det har av verdigheit og eigenverd, og styrkjer respekten for menneskerettane. Målet er at barnet tek på seg ei konstruktiv rolle i samfunnet. Staten skal fastsetje ein kriminell lågaldar. Det skal vere høve til å få overprøvd ein straffedømt av ei høgare myndigheit eller ein høgare domstol. Barnet skal få gratis bistand av tolk dersom barnet ikkje snakkar det språket som blir nytta.

**41 NÅR ANDRE LOVER ER BETRE** Dersom anna nasjonal lovgiving eller folkeretten sikrar barnet betre enn det denne konvensjonen gjer, gjeld desse lovene og ikkje konvensjonen.

**42 KJENNSKAP TIL KONVENSJONEN SKAL SPREIAST** Staten har plikt til å gjere innhaldet i konvensjonen kjent for barn og vaksne.

DETTE ER EIN FORKORTA VERSJON

Barnekonvensjonen vart vedteken av FN i 1989 og ratifisert av Noreg i 1991. Konvensjonen vart norsk lov i 2003.

Barne- og likestillingsdepartementet, 2006